

Justisdepartementet
Kriminalomsorgavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

26.08.2011

Høyringsforslag – frigang frå første dag

Stine Sofies Stiftelse er ein prosjektorganisasjon med hovudmålsetting å;

- FØREBYGGJE vald og overgrep mot barn
- AVDEKKE vald og overgrep mot barn
- IVARETA det valdsutsatte barnet
- PÅVERKE myndigheita til å betre barns rettsvern

Innleiingsvis vil det presiserast at Stine Sofies Stiftelse imøtekjem alle endringar som kan styrke rettstilstanden og ivaretakinga av barn generelt. Høyringssvaret vil derfor bli besvart med utgangspunkt i vårt fokusområde.

Stine Sofies Stiftelse stiller seg i utgangspunktet positive til at spesielt unge lovbrytarar skal få høve til frigang frå første dag når fengselsstraffa er inntil eitt år. Vi er samde i at dette vil vere eit godt verkemiddel for tilbakeføring til samfunnet, og at dette er noko samfunnet generelt vil vere tjent med. *Ein kan likevel stille spørsmålet om dette vil redusere den preventive effekten av straffa da den domfelte i realiteten kan halde fram med arbeid eller studie ,og berre ville måtte tilbringe nettene i fengselet.* Vi meiner likevel at nytteverdien av en slik ordning er større enn det eventuelle negative aspektet.

Vi er trygge på at det vil bli føretatt ei forsvarleg vurdering om det er trygt at lovbrytaren slepp ut på frigang. Vi vil understreke at ein i denne samanhengen også må tenke på offeret/offera. Det kan i slike tilfeller vere føremålsteneleg å innhente fornærma sitt synspunkt i forhold til frigang, spesielt dersom frigang er aktuelt i området kor den fornærma bur. Stine Sofies Stiftelse kjenner blant anna til eit tilfelle kor fornærma i ei valdtektssak opplevde at den domfelte under frigang byrja på same vidaregåande skule som ho. Dette var sjølv sagt ei stor påkjenning, og det er viktig at det blir føretatt ei konkret vurdering kor omsynet til offeret også blir ivaretatt.

I dei fleste tilfeller vil fengselsstraffa for vårt område gjere at frigang frå første dag ikkje er aktuelt, men det vil likevel kunne oppstå tilfeller kor omstender gjer at fengselsstraffa er låg nok til å kunne medføre frigang. Det bes derfor om at ein tek inn i vurderinga omsynet til den fornærma, og at den fornærma i blir kontakta i samband med vurderinga.

I forhold til forslag til lovtekst vil Stine Sofies Stiftelse be om at det konkretiserast kva grunner som kan omfattast av vilkåret " særlige og tungtveiende grunner" i andre ledd, og at det også her må takast omsyn til fornærma.

Stine Sofies Stiftelse er samde i at avgrensingane i forskrifta § 3-14 tredje ledd kan fjernast, og at det same gjeld føresegnene i retningslinjene om at frigang som hovudregel skal bli innvilga på dagtid på vekas kvardagar og at det ikkje kan gjevast dispensasjon til arbeid på kveldstid.

I tillegg vil Stine Sofies Stiftelse komme med ein merknad til arbeidslønna den domfelte mottek i samband med frigang. Det følgjer av retningslinjene at dette skal overførast til fengselet og at noko av dette skal trekkast for den innsette sitt opphald i fengselet. I saker kor det er ein fornærma, vil Stine Sofies Stiftelse foreslå at midlar til overs etter dette blir satt av til å dekke eventuell idømt erstatning til den fornærma.

Med vennlig helsing

Stine Sofies Stiftelse
Mari Jensen
Mari Jensen
Jurist

Ada Sofie Austegard
Ada Sofie Austegard
Leder